


EIGARSKAPSFORVALTNING



SULDAL KOMMUNE
MAI 2019

INNHALD

Denne rapporten sine målgrupper er kontrollutvalet, andre folkevalde, eigarrepresentantar, styrerepresentantar og administrasjonen i kommunen. Rapporten er eit offentleg dokument og er tilgjengeleg òg for media og andre interesserte.

Behova varierer, men her er ei lesarrettledning med to nivå for kor djupt rapporten kan handsamast:

1. Innhaldsoversynet, samandraget og høyringsutsegner
2. Hovudrapporten med innleiing, fakta og vurderingar, og dessutan vedlegg

Innhald	3
Samandrag	4
Høyringsutsegner	7
Rapporten	8
1 Innleiing	9
1.1 Føremål og problemstillingar	9
1.2 Revisjonskriterier og metodeval	9
2 Fakta og vurderingar	10
2.1 Organisasjons- og selskapsformer	10
2.2 Kommunen sine selskap	12
2.3 Kommunen sin eigarskapspolitikk.....	14
2.4 Kommunen sine reglar for eigarstyring og selskapsrapportering	17
2.5 Kommunen si eigaroppfølging	20
2.6 Kommunen sin styrerepresentasjon	24
2.7 Opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing	25
2.8 Administrasjonen sitt arbeid ved eigarskapsforvaltninga	27
Vedlegg	29

SAMANDRAG

Oppdraget

Prosjektet sitt føremål er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvt, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det einskilde eigarskap (selskap) vert følgt opp reint praktisk. Prosjektet om kommunen si eigarskapsforvaltning er ikkje ein selskapskontroll av dei einskilde selskap, men ein kontroll av kommunen sin eigaroppfølging av alle selskap.

Hovudbodskap

Vi finn ikkje store manglar ved kommunen sin eigarskapsforvaltning. Vi tilrår kommunen å vurdera å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde bør styrkast, og informasjon om eigarskapet bør gjerast lett tilgjengeleg på nettsidene til kommunen.

Kommunen sitt eigarskap (selskap)

Kommunen er direkte eigar i 25 selskap. Selskapa sine føremål gjeld for det meste ulike typar av nærings- og regionutvikling eller utskilde kommunale tenester. Suldal er hovudsakeleg ein liten eigar, men er ein noko større eigar i lokale selskap.

Kommunen si eigarskapsmelding

Kommunen har sidan 2010 årleg utarbeidd ei eigarskapsmelding. Innhaldet i kommunen sin eigarskapsmelding dekker i hovudsak det som står i KS sin anbefaling om utarbeiding av eigarskapsmeldingar. Det manglar informasjon om selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv. Dette er forhold som har vorte meir framheva i KS sin anbefaling i dei seinare år.

Har kommunen etablert tydelege føringar for sitt eigarskap (selskap)?

Kommunen har utarbeidd overordna eigarstrategiar for seg sjølv og selskapa i eit eige dokument om eigarskapsstrategi (2010). Strategien gjeld alle selskapa som kommunen eig, men den er nok ikkje så kjend av selskapa. Kommunen har ikkje sjølv gjort selskapa kjent med kommunen sin eigarskapsstrategi. Innhaldet i strategien er likevel allmenngyldig då kommunen har brukt KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll som mal. KS har sidan 2010 revidert sine anbefalingar og gjeldande versjon er frå november 2015. Dette har ikkje så stor praktisk betydning da hovudtrekka ligg fast. Kommunen kan likevel ved sin neste revidering av eigarskapsstrategien tilpassa den til KS sin siste versjon. Det kan og vurderast å ta strategien inn som en del av eigarskapsmeldinga. Dette er vanleg hos andre kommunar vi har sett på.

Har kommunen etablert føremålstenlege reglar for eigarskapsoppfølginga?

Reglar for eigarstyringa (handsaming av eigarskapspolitikken – og eigaroppfølginga)

Kommunen utarbeidar ein årleg eigarskapsmelding med samtidig handsaming av eigarskapspolitikken og selskapskapsrapporteringa. Vi føreslår at ein skil dette som separate saker. Eit skilje mellom politisk handsaming av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa, kan medføra at eigarskapspolitikken får eit større fokus. Handsaming av eigarskapspolitikken kan elles få ein meir langsiktig horisont t.d. ein gong i valperioden. Selskapa har gjerne behov for meir langsiktige styringssignal. Kommunen kan i tillegg bestemma at det ved spesielle behov og situasjonar elles skal gjerast ei handsaming av eigarskapspolitikken. Vi antar i så fall at praksisen ligg innanfor KS sin anbefaling om årleg handsaming av eigarskapsmeldinga og eigarskapspolitikken. Ny kommunelov (2018) stiller forresten krav om at eigarskapsmeldinga skal utarbeidast minst éin gong i valperioden.

Kommunen sine reglar for rollene til eigarrepresentantane legg grunnlag for ei god eigarstyring og dei følgjer lovreglane om kva som er rollene til eigarrepresentantane. Det er klare og tydelege reglar for korleis politiske avklaringar skal gjerast i forkant av formelle eigarmøte i selskapa. Det same gjeld eventuell instruering av eigarrepresentantane. På denne måten vert det avklart på førehand kva som er kommunen sitt standpunkt i viktige saker. Med viktige saker vert det her meint enkeltsaker av prinsipiell eller av stor betyding.

Reglar for selskapsrapporteringa

Selskapsrapporteringa skjer samtidig med handsaming av eigarskapspolitikken. Vi har føre tilrådd at kommunen vurderer å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. På same måte som for eigarskapspolitikken, vil eit slikt skilje kunna medføra at selskapsrapporteringa får eit større fokus. Kommunestyret kan då òg ta stilling til om dei ønsker ein meir utfyllande rapportering om vesentlege selskap. Med vesentlege selskap meinast selskap som kommunen har større eigarinteresser i, eller selskapet si verksemd har stor økonomisk eller strategisk betyding for kommunen. Dagens rapportering har same opplegg for alle selskapa, og vesentlege selskap kan då koma i skuggen av dette. Kommunen sin ordning med at einskilde selskap i periodar kan verte følgd tettare, kjem i tillegg til ein utvida rapportering for vesentlege selskap.

Eigarrepresentasjonen

KS tilrår som ein hovudregel at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som kommunen sine eigarrepresentantar i eigarorganet til selskapa. Denne anbefalinga vert følgd av Suldal kommune sidan det er ordførar som er kommunen sin eigarrepresentant i dei fleste selskap. Dette gjeld m.a. alle dei vesentlegaste selskapa. Ingen av kommunen sine eigarrepresentantar er styremedlemar i same selskap. Ein unngår då ev. rolleblandingar/habilitetskonfliktar. For interkommunale selskap er det her òg eit forbod i lovreglane, medan det for aksjeselskap ikkje er eit tilsvarande forbod i lovreglane.

Forvaltast kommunen sitt eigarskap i tråd med dei etablerte reglane?

Det sjåast her på korleis eigarrepresentantane handterer kommunen si oppfølging av selskap. Denne eigaroppfølginga ligg då i hovudsak under ordførar.

Vi har ingen merknader til eigarrepresentantane si oppfølging av selskap. Dei kjenner til kommunen sine overordna eigarstrategiar (eigarskapsstrategien) og kommunen sine reglar for eigarstyringa (utøving av eigarrolla) vert også ivareteke ved dei einskilde selskapa. Ordførar er naturleg nok godt kjent med kommunen sine overordna eigarstrategiar og reglar for eigarstyringa. Andre eigarrepresentantar er berre nokre få personar og gjeld ikkje dei vesentlegaste selskapa.

Opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing

Kommunen har i inneverande valperiode hatt opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde i kommunen. Det har likevel ikkje vore brukt mykje ressursar på dette, berre litt generelt gjennom KS sitt folkevalgtprogram. Vi ser det som vesentleg at kommunen styrker si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing. Det er viktig at dei folkevalde får innsikt i dei ulike rollene ein innehar, både som folkevalt og som styremedlem og eigarrepresentant.

Administrasjonen sitt arbeid ved eigarskapsforvaltninga - Rutinane

Det er etablert rutinar for rådmannen sin støttefunksjon i eigarskapforvaltninga. Rutinane er ein viktig støttefunksjon for at dei folkevalde skal kunna ivareta sine roller på ein god måte. Rutinane følgjer opp anbefalingane i NIBR-rapporten om «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap».

Kommunen sine arkiveringsrutinar sørgjer for at alle formelle eigarskapsaker knytt til kommunen sitt eigarskap i dei ulike selskapa vert arkiverte/ivareteke i ordna former. Det manglar likevel dokument om einskilde selskap då ikkje alle selskapa sender dei relevante dokumenta til kommunen sentralt (postmottak). Materiellet kan dermed ikkje delast internt i organisasjonen på ein effektiv måte.

Det manglar informasjon om kommunen si eigarskapforvaltning og eigarskapsmelding på kommunen sine nettsider. Utlegging av slike opplysningar vil vera nyttige. Dei vil gje eit oversyn over kommunen si eigarskapforvaltning og selskap, som vil vera lett tilgjengeleg for offentlegheiten og kommunen sine eigar- og styrerepresentantar i selskapa. KS tilrår at kommunen si eigarskapsmelding og overordna eigarstrategiar er kommunisert og tilgjengeleg både for selskapa sine organ og innbyggjarane til kommunen.

Vi gjev kommunen følgjande anbefalingar

- Kommunen bør vurdere å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har den nemnde praksisen.
- Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan takast som eigne temamøte i kommunestyret.
- Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig.
- Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvaltning på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding.

HØYRINGSUTSEGNER

Vi mottok kommunen sine høringskommentarer 16.05.2019

Revisjonsrapporten om eigarstyring gir etter rådmannen si meining eit godt bilete av statusen i Suldal kommune. Kommunen deltek i ein del selskap, dei fleste knytta til samarbeid om ulike tenester som kommunen skal tilby, nokre er selskap som er oppretta for å driva påverknad, og så har me nokre få meir næringsretta selskap.

Rådmannen er einig i at me har grei oversikt og rapportering, men er også einig i at kommunen stort sett er svært passiv som eigar. I tillegg til dei fire tilrådingane som revisjonen peiker på, meiner rådmannen at me i større grad bør laga eigarstrategiar for enkeltelskap, enten aleine eller i lag med andre eigarar. Rådmannen vil koma tilbake til framlegg om dette i samband med handsaming av eigarstrategi.

Når det gjeld tilrådingane frå revisjonen har rådmann fylgjande kommentarar:

Kommunen bør vurderer å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har den nemnde praksisen.

Rådmannen vil framover leggja opp til at det årleg blir laga ei selskapsmelding som blir lagt fram for kommunestyret. I tillegg vil eit strategidokument for eigarstyringa bli lagt fram i 2020 som eiga sak, og ved dei årlege gjennomgangane kan det avklarast om det skal lagast tilsvarende saker seinare i perioden.

Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan takast som eigne temamøte i kommunestyret.

Det vil vera naturleg at dette blir teke opp som ein del av eit temamøte i kommunestyret. Etter valet vil rådmann avtala tidspunkt for dette med ordførar.

Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig.

Dette er allereie innskjerpa med bakgrunn i at både ordførar og rådmann ser at det er lite arkivmateriale i vårt arkiv frå fleire av selskapa. Framover vil det bli arbeidd mot sjølvse selskapa slik at innkallingar og referat frå generalforsamlingar eller representantskapsmøte blir sendt med kopi til postmottak. Dette må også gjelda andre viktige skriv. I tillegg vil eigarrepresentantane bli informert om at dei må sjå etter at dette er praksis i selskapa.

Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvaltning på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding.

Dette er no allereie gjort.

RAPPORTEN

1 INNLEIING

1.1 FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Føremålet med prosjektet er å sjå på korleis kommunen sine eigarinteresser i selskap vert utøvt, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Det vert sett på korleis eigarstyringa er forankra og korleis det einskilde eigarskap (selskap) vert følgt opp reint praktisk.

Ifølgje kontrollutvalet si bestilling skal følgjande problemstillingar svarast på:

- Har kommunen etablert tydelege føringar for sitt eigarskap (selskap)?
- Har kommunen etablert føremålstenlege reglar og rutinar for eigarskapsoppfølginga, mellom anna føringar og rapporteringar mellom kommunestyret og eigarrepresentantar?
- Forvaltast kommunen sitt eigarskap i tråd med dei etablerte reglane?

Prosjektet gjeld den obligatoriske delen av selskapskontroll etter kommunelova § 77.5. Dette kallast for eigarskapskontroll.

1.2 REVISJONSKRITERIER OG METODEDEVAL

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventingar, og som vi brukar for å vurdera funna i undersøkingane våre. Kriteria skal grunnleggjast i, eller utgreiast av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, t.d. lovverk og politiske vedtak.

Ved dette prosjektet er det teke utgangspunkt i følgjande kjelder:

- Kommunen sine saker og vedtak om eigarskap og eigarstrategiar, medrekna:
 - Kommunen sin eigarskapsstrategi og eigarskapsmelding
 - Overordna eigarstrategiar
 - Reglar for eigarstyring og selskapsrapportering
 - Opplæring av folkevalde representantar i eigarorgan og styre
- Aksjelov og lov om interkommunale selskap
- KS Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll
- NIBR Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap
- Reelle omsyn (til dømes kva andre kommunar har funne føremålstenleg)


Metodisk har vi nytta gjennomgang av dokument og vedtak, og spørjeskjema til eigarrepresentantar. Vi har teke med ein nærare informasjon om selskapskontroll og metodeval i [vedlegg](#). Revisjonskriterier (kjelder) er omtalt i faktadelen.

Vår samla vurdering er at metodebruk og kjeldetilfang har gjeve eit tilstrekkeleg grunnlag til å svara på føremålet til prosjektet og dei problemstillingane kontrollutvalet vedtok.

2 FAKTA OG VURDERINGAR

2.1 ORGANISASJONS- OG SELSKAPSFORMER

Nedanfor har vi teke med ein figur som viser korleis kommunane kan velja å organisere si eiga verksemd. Organiseringa øvst gjeld kommunen som «eieeigar», medan organiseringa nedst omfattar fleire eigarkommunar eller andre eigarar. Mogelegheita til eigarstyring er sterkast til venstre i figuren, for så å falla bortover.



Verksemd i kommunen

Etat og institusjon er verksemdar i sjølve kommunen. Etat er den vanlege organiseringa i ein kommune.² Institusjon er ei kommunal eining organisert med eige styre. Slike einingar er av meir samfunnsmessig karakter (til dømes skule, helseinstitusjon). Kommunalt foretak (KF) er ei organisasjonsform som er utforma med tanke på organisering av meir forretningsprega verksemd, men der det likevel er eit ynskje om å knyta verksemda tettare opp til dei sentrale kommunale organa. Interkommunalt samarbeid gjeld selskap til løysing av felles kommunale oppgåver. Dette står to stadar i figuren. Dette skyldast at samarbeidet både kan vera ein del av kommunen eller eit eige juridisk selskap (IS).³ Vertskommune går ut på at fleire kommunar overlèt til ein bestemd kommune - vertskommunen - å utføra oppgåver saman.

¹ Vi har teke utgangspunkt i figur utarbeidd av Agendum strategi og leing AS, men med enkelte endringar av oss.

² Dette vert gjerne òg kalla avdeling, eining, område, teneste, verksemd osv.

³ I kva grad eit interkommunalt samarbeid er eit eige juridisk selskap, avheng av sjølvstendet til selskapet.

Verksemd i aksjeselskap og interkommunale selskap

Aksjeselskapsforma kan sjåast på som godt tilpassa for verksemdar som opererer i ein marknad med risiko- og konkurranseeksponering. IKS-forma kan sjåast på som godt tilpassa for verksemdar som handterer kommunale oppgåver i eigen regi for eigarane (deltakarane) og der det elles ikkje er aktuelt med fortjeneste/utbytte (typisk verksemdar som driv med kultur, idrett eller under sjølvkostregimet). Slike selskap vert gjerne oppretta når dette gjev ein effektivitet i tenesteproduksjonen til kommunane. Dersom det vert drive næring med fortjeneste/utbyttehøve i eit IKS, vil dette ofte skiljast ut i heileigde dotterselskap som er aksjeselskap.

Verksemd i andre organisasjonsformer

Samkommune og samvirkeføretak er eigne organisasjonsformer. Samkommune er eit forplikande samarbeid inngått mellom to eller fleire kommunar for å løysa felles oppgåver. Det er nesten ingen kommunar organisert som samkommune. Organisasjonsforma er på veg ut. Dette skyldast arbeidet med kommunereforma der kommunesamanslåing vert sett på som eit betre alternativ enn samkommune. Samvirkeføretak er eigd og styrt av medlemmane som har nytte av den verksemda som vert drive. Det er særleg utbreidd innan detaljhandel, landbruk, bustad og fiskeri, men har vore lite brukt av kommunane. Opprettinga av foreiningar og stiftelsar har eitt eller fleire bestemte føremål. Dette kan vera av humanitær, sosial, økonomisk eller anna art.

Endringar ved ny kommunelov

Det vart 11.06 .2018 vedteke ny kommunelov. Dei fleste kapitla i lova trer i kraft når dei nye kommunestyra er vorte konstituert etter valet til hausten (dvs. innan utgangen av oktober 2019). Nokre få kapittel trer i kraft 01.01 2020.

Det er teke inn ein overordna føresegn i lova (kapittel 17) som slår at fast kommunar kan samarbeida om å utføra felles oppgåver. Det er kome to nye samarbeidsformer til erstatning for interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 i gjeldande lov. Dette er regionråd (kapittel 18) og oppgåvefellesskap (kapittel 19). Regionråd skal vera politiske samarbeidsorgan som handsamar generelle samfunnsspørsmål på tvers av kommunegrensene i den regionen rådet representerer. Dei skal ikkje vera tenesteproduserande organ. Kommunale oppgåvefellesskap er berekna på samarbeid om einskildståande tenester. Modellane er meint å vera enklare samarbeidsordningar samanlikna med samarbeid etter lova om interkommunale selskap. Dagens § 27-selskap må omdanna seg anten til oppgåvefellesskap eller regionråd, alternativt omorganisera til annan selskapsform, seinast fire år etter at den nye kommunelova har tredd i kraft. Det er kommunestyra og fylkestinga i alle deltakarkommunane som sjølv må treffa vedtak om omdanning og vedta ny samarbeidsavtale.

2.2 KOMMUNEN SINE SELSKAP

Prosjektet tek primært for seg eigarstyringa av aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) der kommunen har direkte eigardelar. Dette utgjør 21 selskap. Andre selskapsformer gjeld 4 selskap med mange eigarar/deltakarar og som ikkje produserer viktige kommunale tenester.

KOMMUNEN SIN DIREKTE EIGARSKAP

Vi tek først med eit oversyn over selskapa til kommunen.

Tabell 1 - Kommunen sin direkte eigarskap i selskap - Kjelde: Kommuneadministrasjonen

Aksjeselskap	Eigardel	Føremål (korttekst)
ByggOpp Rogland AS	0,20 %	opplæring byggfag
Gullingen Utviklingsselskap AS	3,66 %	eigedomsutvikling
Haugaland Kraft AS	3,00 %	energi, breiband
Haukelivegen AS	2,80 %	utbetring av veg
Kommunekraft AS	0,30 %	handel med elektrisitet
Lysefjorden Utvikling AS (Landa fortidslandsby)	1,60 %	næringsutvikling
Norsk Bane AS	11,81 %	utvikling høghastighetsbane
Reisemål Ryfylke AS	8,82 %	næringsutvikling
Rygjatun Eigedom AS	100,00 %	eigedomsdrift
RySteg AS	22,53 %	arbeidsmarknadsbedrift
Suldal Bad og Publikum AS (under etablering)	100,00 %	symjehall
Suldalsposten AS	34,00 %	lokalavis
Suldal Vekst AS	26,44 %	næringsutvikling
Interkommunale selskap	Eigardel	Føremål (korttekst)
Haugaland brann og redning IKS	3,44 %	brannvern
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	3,40 %	sekretariat kontrollutval
Haugaland Vekst IKS	10,00 %	næringsutvikling
Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	0,93 %	arkiveringsverksemd
Krisesenter Vest IKS	2,29 %	kommunalt krisesenter
Rogaland Revisjon IKS	1,23 %	kommunal revisjon
Ryfylke IKS	20,00 %	regionsutvikling
Ryfylke Miljøverk IKS	16,48 %	innsamling renovasjon
Andre selskapsformer	Eigardel	Føremål (korttekst)
Biblioteksentralen SA		serviceorgan for bibliotek
Ryfylke Friluftsråd (IS)		friluftsråd
IS Fjordvegen (interesseselskap)		utbetring av veg
KLP (gjensidig forsikringsselskap)		forsikringsføremål

Kommentarar til oversynet

Kommunen er direkte eigar i 25 selskap. Selskapa sine føremål gjeld for det meste ulike typar av nærings- og regionutvikling eller utskilde kommunale tenester. (Kjente endringar: Ryfylke Miljøverk IKS skal gå inn i IVAR IKS frå 2020. Suldal vil difor måtte finna andre/nye løysningar for sin innsamling av hushaldsavfall.)

Føremålet til selskapa vil gjerne vera av stor betydning for i kva grad dei kan sjåast på som vesentlege. Vesentlege selskap kan definerast som selskap der kommunen har store eigarinteresser, eller verksemdene har stor økonomisk eller strategisk betydning for kommunen. Meiniane om selskapa sin vesentlegheit vil likevel kunna sprika alt etter kven ein spør. Til dømes administrasjonen til kommunen og politikarar, dei tilsette i selskapa, brukarane av selskapa og andre meiningar om dette.

KOMMUNALE FØRETAK, FOREININGAR OG STIFTELSAR

Kommunen hadde nyleg eitt kommunalt føretak; Suldal Elverk KF. Føretaket er frå 2019 fusjonert inn i Haugaland Kraft AS. Kommunale føretak er ein del av kommunen som rettssubjekt, og er formelt sett utanfor rekkjevidda av selskapskontroll (eigarskapskontroll) ut frå lovreglane. Heile kommunestyret er eigarorgan. Kommunen er med i fleire foreiningar og stiftelsar. Foreiningar og stiftelsar er sjøveigne verksemdar, og eigarstyring kan difor ikkje gjerast.

KOMMUNEN SIN INDIREKTE EIGARSKAP (DOTTERSELSKAP MV.)

Kommunen har indirekte eigarskap i selskap. Indirekte eigarskap er når selskapa til kommunen har eigardelar i andre selskap (dotterselskap, dotterdotterselskap, tilknytta selskap osv.).⁴ Vi har ikkje ved denne rapporten sett på det indirekte eigarskapet. Men det er gjerne berre driftsmessige tilhøve som ligg under dotterselskap mv. Eigaroppfølginga av desse selskapa vil difor i mindre grad omfatta politiske saker.

KORT OM SELSKAPSKONTROLLAR

Prosjektet om kommunen si eigarskapsforvaltning er ikkje ein selskapskontroll av dei einskilde selskap, men ein kontroll av kommunen sin eigaroppfølging av alle selskap.

Det er sidan 2004 utført selskapskontrollar i fire av kommunen sine selskap.⁵ Ein selskapskontroll av eit selskap vil omfatta dette selskapet og heileigde dotterselskap. Andre dotterselskap og tilknytta selskap vil omtalast, men i utgangspunktet ikkje spesielt kontrollert. Dette kjem an på kva for ei drift/funksjon som er lagt i desse selskapa. Selskapskontroll (med forvaltningsrevisjon) kan normalt berre gjerast av kommunalt heileigde selskap. Det er her innsynsrett for revisor ifølgje kommunelova § 80.⁶ I deleigde selskap vil det òg vera andre typar eigarar (til dømes private eller staten). I deleigde selskap kan det ikkje krevjast innsyn etter lovreglane. Dette gjeld uansett kor liten/stor eigardelane til dei andre eigarane er. I slike høve må selskapskontrollen basera seg på innsyn i opne kjelder (offentleg informasjon), alternativt på eit utvida innsyn etter særskild avtale med dei andre eigarane. Innsynsrett kan ein sjeldan gong vera vedtektsfesta.

⁴ Dotterselskap og dotterdotterselskap er selskap som er over 50 % eigd/kontrollert av eit anna selskap (morselskapet). Vi viser til aksjelova § 1-3. Som tilknytta selskap vert rekna selskap der morselskapet har betydeleg innverknad. Betydeleg innverknad vil normalt vera når morselskapet eig/kontrollerer minst 20 % av aksjane. Vi viser til rekneskapslova § 1-4.

⁵ Vi har i vedlegg teke med eit oversyn over utførte selskapskontrollar.

⁶ Heileigde selskap er her aksjeselskap eigd kun av kommunar og/eller fylkeskommunar, interkommunale selskap (IKS'er) og interkommunale samarbeid (IS'er). Andre selskapsformer fell utanfor.

2.3 KOMMUNEN SIN EIGARSKAPSPOLITIKK

Eigarskapspolitikken går fram av kommunen si eigarskapsmelding og overordna eigarstrategiar (eigarskapsstrategi). Vi ser her på innhaldet i eigarskapspolitikken. Til sist omtalar vi selskaps-spesifikke eigarstrategiar (felles eigarstrategiar). Kommunen sine reglar for eigarstyring og selskaps-rapportering er omtalt for seg i punkt 2.4.

GENERELT OM EIGARSKAPSPOLITIKKEN

Eigarskapspolitikken skal gje eit samla oversyn over eigarinteressene til kommunen og elementa i eigarskapspolitikken, og skal innehalda dokument som er knytt til utøvinga en av eigarskapet. Målsettinga er å auka kunnskapen om kommunen si rolle som eigar og rammene for styring og kontroll av verksemda i selskapa. Eigarskapspolitikken skal kunna brukast som eit oppslagsverk i det laupande arbeidet med eigarskap.

REVISJONSKRITERIER - KS SIN ANBEFALING NR. 4

Tabell 2 - KS Anbefaling om utarbeidelse av eierskapsmeldinger

UTARBEIDELSE AV EIERSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.

Disse prinsippene bør gjenspeile selskapet sett i sammenheng med kommunens totale virksomhet og være kommunisert og tilgjengelig, ikke bare for selskapets organer, men også for kommunens innbyggere. Eierskapsmeldingen gir også et godt grunnlag for en politisk gjennomgang av all virksomhet som er organisert som selvstendige rettssubjekter. Eierskapsmeldingen skal behandles i kommunestyret. Eierskapsmeldingen skal primært omhandle selskapene der kommunen er hel- eller deleier, men bør også reflektere styringen av de interkommunale samarbeidene.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskaper og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring.
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.⁷
5. Selskapenes samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

En eierskapsmelding vil sikre et grunnlag for nødvendige styringssignaler til selskapene og tydeliggjøre de folkevalgtes ansvar. Den vil også bidra til å skaffe oversikt over kommunens samlede virksomhet og bidra til mer åpenhet overfor omverden.

Det bør også utarbeides en felles eierskapsmelding hvis kommunen er medeier i flere selskaper sammen med andre kommuner. En slik eierskapsmelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig.⁸

⁷ Dette treng ikkje stå eksplisitt, men vil vera ein naturleg del i samband med saka om eigarskapsmeldinga.

⁸ Vi ser på selskaps-spesifikke eigarstrategiar som meir praktisk, jf. det vi skriv om dette nedanfor.

KOMMUNEN SI EIGARSKAPSMELDING (2018)

Kommunen har sidan 2010 årleg utarbeidd ei eigarskapsmelding. Vi har sett på kommunen si eigarskapsmelding frå 2018, som vart vedteke av kommunestyret 30.10.2018. Kommunestyret tok meldinga til vitande.

Eigarskapsmeldinga består av tre deler:

- **Generelt om eigarskap.** Det står her litt om motiver for selskapsdanning, ansvaret (eigarrolla), selskapsformer og styreverv (styrerrolla).
- **Endringar frå førre melding.** Politiske og driftsmessige endringar i samband med selskapa.
- **Samla selskapsoversyn.** Presentasjon av kvart selskap.

Eigarskapsmeldinga har ikkje med kommunen sine overordna eigarstrategiar. Dette ligg i eit eige dokument om eigarskapsstrategi (2010). Eigarskapsstrategien inneheld også reglar for eigarstyring og selskapsrapportering.

Revisjonen sine vurderingar

Innhaldet i kommunen sin eigarskapsmelding dekker i hovudsak det som står i KS sin anbefaling om utarbeiding av eigarskapsmeldingar. Det manglar informasjon om selskapa sitt samfunnsansvar knytt til miljø, likestilling, openheit, etikk osv. Dette er forhold som har vorte meir framheva i KS sin anbefaling i dei seinare år.

KOMMUNEN SIN EIGARSKAPSSTRATEGI (2010)

Revisjonskriterier

Kommunane har ved utarbeiding av dei overordna eigarstrategiane sine gjerne teke utgangspunkt i eigarstrategiane til staten, etter kvart òg med innslag frå KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll.⁹

Kommunen sin eigarskapsstrategi – med våre kommentarar

Kommunen har utarbeidd overordna eigarstrategiar for seg sjølv og selskapa i eit eige dokument om eigarskapsstrategi (2010). Den vart vedteke av kommunestyret 15.06.2010.

⁹ Vi har i vedlegg teke med eit oversyn over eigarstrategiane til staten (staten sine prinsipp for god eigarstyring og selskapsleiing) og eit oversyn over KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. KS sine anbefalingar er utvikla av KS Eierforum (no inngått i KS si ordinære verksemd) og vert justert og revidert etter behov. Dagens versjon er frå 2015. Anbefalingane dekker i utgangspunktet det som ligg i ei gråsone mellom lovregulering og etablert praksis..

Tabell 3 - Kommunen sine overordna eigarstrategiar (eigarskapsstrategi)**Eigarskapsstrategien har med mål/krav for sentrale tilhøve som:**

- Opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring.
- Utarbeiding av eigarskapsmeldingar.
- Samansetting og fuksjon til eigarorgan. Gjennomføring av eigarmøte.
- Eigar sine krav til kompetanse i styrer i kommunal sektor.
- Valkomité for utnemning av styre i aksjeselskap og interkommunale selskap.
- Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra.

Merknad: Dei overordna eigarstrategiane er nærare utdypa i kommunen sin eigarskapsstrategi.

Strategien gjeld alle selskapa som kommunen eig, men den er nok ikkje så kjend av selskapa. Kommunen har ikkje sjølv gjort selskapa kjent med kommunen sin eigarskapsstrategi. Innhaldet i strategien er likevel allmenngyldig då kommunen har brukt KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll som mal.

Revisjonen sine vurderingar

Kommunen sin eigarskapsstrategi frå 2010 er basert på KS sine anbefalingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll. KS har sidan 2010 revidert sine anbefalingar og gjeldande versjon er frå november 2015. Dette har ikkje så stor praktisk betydning da hovudtrekka ligg fast. Kommunen kan likevel ved sin neste revidering av eigarskapsstrategien tilpassa den til KS sin siste versjon. Det kan og vurderast å ta strategien inn som ein del av eigarskapsmeldinga. Dette er vanleg hos andre kommunar vi har sett på.

Kommunen sine overordna eigarstrategiar er ikkje direkte bindande for selskapa såfram dei ikkje er vedteken av generalforsamlinga/representantskapet. Slike vedtak er lite aktuelt sidan det normalt er fleire eigarar i selskapa. Andre eigarar vil gjerne ha litt andre overordna eigarstrategiar for selskapa sine og eigarane sine overordna eigarstrategiar kan òg vera motstridande til kvarandre. Selskapsespesifikke eigarstrategiar kan difor sjåast på som meir praktisk dersom eigarane ynskjer å utarbeida eit eige eigarstrategidokument overfor einskilde selskap.

SELSKAPSSPESIFIKKE EIGARSTRATEGIAR (FELLES EIGARSTRATEGIAR)

Selskapsespesifikke eigarstrategiar er i utgangspunktet felles for eigarane ved at det vert utarbeidd forslag til felles eigarstrategiar. Forslaga vert utarbeidd i samråd mellom kommunane sin administrasjon og selskapa. Ved den politiske handsaminga i kommunane, kan det likevel koma enkelte endringar/tillegg. Selskapsespesifikke eigarstrategiar erstattar dei overordna eigarstrategiane til kommunane.

Det er utarbeidd ein eigen eigarstrategi for det nye selskapet Haugaland brann og redning IKS (vedteke av kommunestyret i Suldal). Dette er eit dokument som er likt for alle eigarane. I tillegg føreligg det ein eigen eigarstrategi for Rogaland Revisjon IKS (2012). Denne er formelt ikkje vedteke av kommunestyret i Suldal. Kommunen vart eigar i Rogaland Revisjon IKS først etter 2015.

2.4 KOMMUNEN SINE REGLAR FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSRAPPORTERING

I kommunen sin eigarskapsstrategi (2010) er det teke med reglar for eigarstyring og selskapsrapportering. Dette står i eigarskapsstrategiens punkt 2 og 7.

HANDSAMING AV EIGARSKAPSPOLITIKKEN

Revisjonskriterier - KS sin anbefaling nr. 4 (utdrag)

Kommunestyra bør kvart år fastsetja overordna prinsipp for eigarskapet sitt ved å utarbeida ei eigarskapsmelding for alle selskapa sine. Eigarskapsmeldinga bør ha med formålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, og styringsdokumenta.

Kommunen sine reglar og praksis

Handsaminga av eigarskapspolitikken skal gjerast årleg i samband med eigarskapsmeldinga. Det skal her vera lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av føremål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen. Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal ha rom for drøfting i dette møtet, og med eventuelle tilbagemeldingar og bestilling av etterfølgjande sak om endringar er aktuelt. Moglege vedtak om endringar skal ha nødvendig handsaming i selskap og hjå rådmannen i kommunen.

Revisjonen sine vurderingar

Kommunen utarbeidar ein årleg eigarskapsmelding med samtidig handsaming av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Vi føreslår at ein skil dette som separate saker. Eit skilje mellom politisk handsaming av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa, kan medføra at eigarskapspolitikken får eit større fokus. Handsaming av eigarskapspolitikken kan elles få ein meir langsiktig horisont t.d. ein gong i valperioden. Selskapa har gjerne behov for meir langsiktige styringssignal. Kommunen kan i tillegg bestemma at det ved spesielle behov og situasjonar elles skal gjerast ei handsaming av eigarskapspolitikken. Vi antar i så fall at praksisen ligg innanfor KS sin anbefaling om årleg handsaming av eigarskapsmeldinga og eigarskapspolitikken. Ny kommunelov (2018) stiller forresten krav om at eigarskapsmeldinga skal utarbeidast minst éin gong i valperioden.

Anbefaling

- Kommunen bør vurderer å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. Handsaminga av eigarskapspolitikken kan her få ein meir langsiktig horisont. Fleire kommunar i vår region har den nemnde praksisen.

EIGARREPRESENTANTANE SINE ROLLAR

Eigarrepresentantane sin praktiske oppfølging av selskapa har vi omtalt under punkt 2.5.

Revisjonskriterier - Lovreglar i selskapslovane

Kommunen skal utøva eigarstyring i eigarorganet og ikkje gripa inn i styrets sitt myndighetsområde og den daglege leiinga av selskapa. Det vart vist til reglar i aksjelova og IKS-lova.¹⁰

Kommunen sine reglar

Tabell 4 - Eigarrepresentantane sine rollar
<p>Dei valde representantane sine rollar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dei valde representantane skal generelt ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapet sine eigarorgan. I interkommunale selskap skal ein og ta omsyn til regionale interesser som har vesentlig betydning for selskapet sin funksjon. • Det politiske organet som har ansvar for desse sakene i kommunen (kommunestyret, formannskapet) gir eventuelle styringssignal til kommunen sine representantar i eigarmøtet, og kan eventuelt instruera desse. • Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutiner mellom kommunen og selskap, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen mellom dei formelle eigarmøta.

Dei valde representantane sine rollar

- Dei valde representantane skal generelt ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapet sine eigarorgan. I interkommunale selskap skal ein og ta omsyn til regionale interesser som har vesentlig betydning for selskapet sin funksjon.
- Det politiske organet som har ansvar for desse sakene i kommunen (kommunestyret, formannskapet) gir eventuelle styringssignal til kommunen sine representantar i eigarmøtet, og kan eventuelt instruera desse.
- Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutiner mellom kommunen og selskap, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen mellom dei formelle eigarmøta.

Revisjonen sine vurderingar

Kommunen sine reglar for rollene til eigarrepresentantane legg grunnlag for ei god eigarstyring og dei følgjer lovreglane om kva som er rollene til eigarrepresentantane. Det er klare og tydelege reglar for korleis politiske avklaringar skal gjerast i forkant av formelle eigarmøte i selskapa. Det same gjeld eventuell instruering av eigarrepresentantane. På denne måten vert det avklart på førehand kva som er kommunen sitt standpunkt i viktige saker. Med viktige saker vert det her meint enkeltsaker av prinsipiell eller av stor betydning.

SELSKAPSRAPPORTERING

Vi ser her på den selskapsrapporteringa som kvart år skal gjerast til kommunestyret. Kommunestyret sine uformelle kontaktmøte med selskapa og uformelle eigarmøte på initiativ frå selskapa har vi omtalt for seg til sist i punkt 2.5.

Revisjonskriterier

Vi har heldt oss til kva som vi synast er mest praktisk for kommunen (eigaren).

¹⁰ Det visast spesielt til aksjelova §§ 5-1, 6-12 og 6-14 og IKS-lova §§ 7, 13 og 14.

Kommunen sine reglar og praksis

- Årsrekneskap, årsrapportar, strategidokument og liknande vert lagt fram for politisk behandling i forkant av eigarmøte. Eigarmøte skal varslast tidleg, og dokumenta bør føreligga 2 veker før møtet.
- Selskap der kommunen har eit uttrykt ønskje og behov for det, rapporterer periodisk til komité eller formannskapet.
- Einskilde selskap vert i periodar følgd tettare, avhengig av situasjonen, eigarinteresse og føremål.

Kommunen har sidan 2010 hatt ein selskapsrapportering i kommunestyret. Dette gjerast gjennom den årlege eigarskapsmeldinga.

Revisjonen sine vurderingar

Selskapsrapporteringa skjer samtidig med handsaming av eigarskapspolitikken. Vi har føre tilrådd at kommunen vurderer å skilja handsaminga av eigarskapspolitikken og selskapsrapporteringa. På same måte som for eigarskapspolitikken, vil eit slikt skilje kunna medføra at selskapsrapporteringa får eit større fokus. Kommunestyret kan då òg ta stilling til om dei ønsker ein meir utfyllande rapportering om vesentlege selskap. Med vesentlege selskap meinast selskap som kommunen har større eigarinteresser i, eller selskapet si verksemd har stor økonomisk eller strategisk betydning for kommunen.¹¹ Dagens rapportering har same opplegg for alle selskapa, og vesentlege selskap kan då koma i skuggen av dette. Kommunen sin ordning med at einskilde selskap i periodar kan verte følgd tettare, kjem i tillegg til ein utvida rapportering for vesentlege selskap.

¹¹ Grensa for større eigarinteresser kan gjerne setjast til ein tredjedel. Dersom ein eigar har meir enn ein tredjedel av eigardelane, såkalla negativt fleirtal, kan dette brukast til å leggja ned veto mot endringar i vedtektene. Ved lågare eigardel enn dette har eigaren i praksis inga formell påverknadskraft ved viktige avgjerder.

2.5 KOMMUNEN SI EIGAROPPFØLGING

Eigarrepresentantane skal ivareta kommunen sine eigarinteresser gjennom deltakinga i eigarorganet til selskapa. Vi ser her på kven som er kommunen sine eigarrepresentantar og på korleis desse tek vare på kommunen si oppfølging av selskap på vegne av kommunestyret. Til sist omtalast aktuelle uformelle forum for eigaroppfølging.

KOMMUNEN SINE FORVENTNINGAR TIL SELSKAPA

Kommunen sine forventningar til selskapa går fram av vedtekter/selskapsavtalar til selskapa, eigarskapsmeldinga til kommunen (overordna eigarstrategiar) og felles eigarstrategiar for det einskilde selskap (for dei selskapa som har dette). I tillegg kjem eventuelle eigarkrav som vert stilt på generalforsamlinga/representantskapet.¹² Styret og den daglege leiinga i selskapa har eit ansvar for å realisera forventningane.

REVISJONSKRITERIER - KS SIN ANBEFALING NR. 7

Tabell 6 - Anbefaling om eierorganets sammensetning og funksjon

EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som kommunens eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

Samhandlingen mellom kommunestyret og eierorganet er ikke regulert. Eierstyringen skal skje gjennom eierorganet for selskapene og gjennom kommunestyret for foretakene. For selskapsformene AS og IKS bør det for å sikre engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eierorganets myndighet, etableres forutsigbare kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eierorganet som forankres i eierskapsmeldingen.

Oppnevning av sentrale folkevalgte til eierorganet vil bidra til å forenkle samhandlingen og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eierorganet. Aksjeloven sier ikke noe om hvem som skal møte som aksjonær. Ordfører eller andre kommunestyrerepresentanter må gis fullmakt for å kunne stemme på generalforsamling. Medlemmer av et representantskap (IKS) er valgt av kommunestyret etter kommunelovens regler, og i motsetning til aksjeloven, kan ikke andre møte etter fullmakt. Det bør derfor utnevnes varamedlemmer for representantskapsmedlemmene.

Dersom formålet med selskapet er rene driftsoppgaver er det ingen ting i veien for at administrasjonen sitter i eierorganet.

Eigarorganet sin samansetning vart omtalt under kommunen sin eigarrepresentasjon, medan eigarorganet sin funksjon vart omtalt under kommunen si oppfølging av selskap.

¹² Eigarorganet sin myndighet følger av lovreglar og av vedtekter/selskapsavtalar. Innanfor desse avgrensingane kan eigarane fremma sine interesser på generalforsamlinga/representantskapet. I vedtektene/selskapsavtalane for vesentlege selskap, bør det difor vera med reglar som seier at eigarane på generalforsamlinga/representantskapet kan handsama overordna mål og retningslinjer for selskapet, som t.d. selskaps-spesifikke eigarstrategiar (felles eigarstrategiar).

KOMMUNEN SIN EIGARREPRESENTASJON

Revisjonskriterier - KS sin anbefaling nr. 7 (utdrag)

Avhengig av selskapet sitt føremål, vart det tilrådd som ein hovudregel at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som kommunen sine eigarrepresentantar i eigarorganet. Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorganet vil bidra til å forenkla samhandlinga og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eigarorganet. Dersom føremålet med selskapet er reine driftsoppgåver, er det ingen ting i vegen for at administrasjonen sit i eigarorganet.

I tillegg tek vi med IKS-loven sitt forbod mot at eigarrepresentantane til kommunen er styremedlemar i same selskap (IKS-loven § 10.4).¹³

Kommunen sin praksis

Kommunen sin eigarrepresentasjon er politisk, men der administrasjonen/rådmannen kan vera eigarrepresentant i selskap med reine driftsmessige tilhøve. For mindre vesentlege selskap er det ikkje utpeika eigarrepresentantar. Det er vidare i all hovudsak ordførar som er kommunen sin eigarrepresentant.¹⁴ Ordførar er eigarrepresentant i alle dei selskap der kommunen har særleg eigaroppfølging. Dette er selskap som har stor vesentlegheit for kommunen (selskapet sitt formål). For nærare informasjon viser vi til vedlegget om kommunen sine eigar- og styrerepresentantar.

Dersom det er mange generalforsamlingar innanfor same tidsrom, vil ordførar måtte delegera ein del av eigarrepresentasjonen (typisk til varaordførar).

Revisjonen sine vurderingar

KS tilrår som ein hovudregel at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som kommunen sine eigarrepresentantar i eigarorganet til selskapa. Denne anbefalinga vert følgd av Suldal kommune sidan det er ordførar som er kommunen sin eigarrepresentant i dei fleste selskap. Dette gjeld m.a. alle dei vesentlegaste selskapa.

Ingen av kommunen sine eigarrepresentantar er styremedlemar i same selskap. Ein unngår då ev. rolleblandingar/habilitetskonfliktar. For interkommunale selskap er det her òg eit forbod i lovreglane, medan det for aksjeselskap ikkje er eit tilsvarande forbod i lovreglane.

¹³ IKS-loven § 10.4: Daglig leder eller representantskapsmedlem kan ikke være medlem av styret.

¹⁴ Ordførar er eigarrepresentant i 16 av 21 selskap der kommunen deltar på eigarmøta.

EIGARREPRESENTANTANE SIN OPPFØLGING AV SELSKAP

Det sjåast her på korleis eigarrepresentantane handterer kommunen si oppfølging av selskap. Denne eigaroppfølginga ligg då i hovudsak under ordførar.

Revisjonskriterier - KS sin anbefaling nr. 7 (utdrag)

Eigarstyring skal utøvast innanfor ramma av kommunestyre sine vedtak. Eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet for selskapa. For selskapsformene AS og IKS bør det for å sikra engasjement, debatt og reell politisk avklaring av eigarorganet sin myndigheit, etablerast føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyre og eigarorganet som forankrast i eigarskapsmeldinga.

Det understrakst at styrerepresentantane ut frå lovreglane skal representera selskapet og ikkje eigaren. Styrerepresentantane er difor ikkje spurd om eigaroppfølging.

Eigarrepresentantane si oppfølging av selskap (inneverande valperiode 2015-2019)

Vi har spurt eigarrepresentantane i dei selskap der kommunen deltar på eigarmøta. Dette utgjer 14 av 16 selskap ettersom vi ikkje tek med oss sjølv og kontrollutvalssekretariatet i denne samanheng.¹⁵ Alle kommunen sine vesentlegaste selskap kjem da med.

Generell oppfølging

Eigarrepresentantane meiner at verksemda opererer i tråd med føremålet. Selskapa har utarbeidd ein selskapsstrategi e.l. Innkallingar (saksliste og saksdokument) til dei lov-messige eigarmøta (som generalforsamling/representantskap) er tilfredsstillande. Selskapet kan og ved behov innkalla til uformelle eigarmøte ved viktige saker.¹⁶

Kommunen sine overordna eigarstrategiar

Eigarrepresentantane er kjent med kommunen sin eigarskapsstrategi. Kommunen praktiserer sjølv eigarskapsstrategien (det som går på eigaren). Selskapa har ikkje vorte kjent med kommunen sin eigarskapsstrategi. Det er uklårt i kva grad strategien likevel vert praktisert av selskapa (det som går på selskapa).

Kommunen sine reglar for eigarstyring (praktiseringa i inneverande valperiode 2015-2019)

Eigarrepresentantane meiner at kommunen sine interesser vert ivareteke ved deltakinga i eigarorganet, og at interessene til selskapa vert ivareteke i styret. Politiske avklaringar forut for møte i eigarorganet vil kunne gjerast ved behov. Det same gjeld ev. instruering av eigarrepresentantane frå formannskap/kommunestyre ved viktige saker. Eigarrepresentantane gjev tilbakemelding til formannskap/kommunestyre ved viktige saker.

Revisjonen sine vurderingar

Vi har ingen merknader til eigarrepresentantane si oppfølging av selskap. Dei kjenner til kommunen sine overordna eigarstrategiar (eigarskapsstrategien) og kommunen sine

¹⁵ Vi ser det av habilitetsgrunnar ikkje riktig å ta med oss sjølv i rapporten. Det same gjeld Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS. Eigarskapforvaltingsprosjektet fokuserer dessutan på kommunen sin samla eigarskapsforvaltning. Det er ikkje ein selskapskontroll av dei einskilde selskapa.

¹⁶ Vi omtalar kontaktmøte og uformelle eigarmøte for seg på neste side.

reglar for eigarstyringa (utøving av eigarrolla) vert også ivareteke ved dei einskilde selskapa. Ordførar er naturleg nok godt kjent med kommunen sine overordna eigarstrategiar og reglar for eigarstyringa. Andre eigarrepresentantar er berre nokre få personar og gjeld ikkje dei vesentlegaste selskapa.

KOMMUNESTYRET SINE UFORMELLE KONTAKTMØTE MED SELSKAPA

Kontaktmøte med selskapa kan sjåast på som eit sentralt element i den politiske eigaroppfølginga, ved at kommunen kan fanga opp vesentlege tilhøve i selskapa. Dette gjev kommunen høve til å førebu og melda inn aktuelle saker for handsaming i eigarorgana. Kontaktmøte er uforpliktande og det skal ikkje her gjevast instruksar eller signal til styret og dagleg leiar. Kontaktmøte kan reknast som mest aktuelt for vesentlege selskap.

Kommunestyret har i dag ikkje noko fast opplegg for politiske kontaktmøte med vesentlege selskap, men det vil kunne gjennomførast når spesielle/større saker dukkar opp.

UFORMELLE EIGARMØTE PÅ INITIATIV FRÅ SELSKAPA

Dette gjeld uformelle eigarmøte for alle eigarane og som vert initierte av selskapa sjølv.

Nokon gonger har selskapa behov for å diskutera saker med eigarane utan at det tas formelle avgjerder. Eit selskap med fleire/mange eigarar kan t.d. oppleva at dei formelle møta i eigarorganet, er dårleg eigna til uformelle diskusjonar mellom eigarrepresentantane og selskapet om verksemda sin situasjon og utvikling.

Ved uformelle eigarmøte er det gjerne ein nærare diskusjon av enkeltsaker av prinsipiell eller av stor betydning. Ordførarar og rådmenn er då som oftast til stades.

Haugaland Kraft AS og Haugaland brann og redning IKS har eigarmøte nokre gonger i året. Dei andre selskapa er det meir dersom det er viktige saker. Haugaland Vekst IKS og Ryfylke IKS har regionråd.

Uformelle eigarmøte representerer både fordelar og ulemper. På den eine sida er det ynskjeleg at eigarane, både på politisk og administrativt nivå, er godt informert om dei vesentlegaste strategiske problemstillingane i eit viktig selskap der kommunen har eigarinteresser. På den andre sida er det ein viss fare for undergraving av eigarorganet sin stilling dersom det på møta vart gjeve uttrykk for styrande synspunkt frå eigarane. Det kan ikkje vedtakast noko i uformelle eigarmøte. Dette kan berre skje i det formelle eigarorganet (generalforsamlinga/representantskapet).

2.6 KOMMUNEN SIN STYREREPRESENTASJON

Styreval - spesielt for vesentlege selskap - bør gjerast etter innstilling frå valkomité for selskapet, der kompetansevurderingar vert tillagt vekt. I tillegg kjem generelle vurderingar av habilitet. I styra skal det løysast oppgåver til beste for selskapa si utvikling og i samsvar eigarane sine krav.

Kommunen sin styrerepresentasjon

Det vil ofte vera faste styrerepresentantar i selskap der kommunen har større eigardelar, medan det vil vera lite av dette i selskap der kommunen har mindre eigardelar. For ein-skilde selskap vil det kunna vera styreverv på deling med andre eigarar eller styreverv som vekslar mellom eigarane. Styrerepresentasjon går som regel fram av vedtekter, selskapsavtalar eller aksjonæravtalar. Kommunen har for tida faste styremedlemar i følgjande 5 selskap: Rygjatun Eigedom AS, Rysteg AS, Suldal Bad og Publikum AS, Ryfylke Miljøverk IKS og Ryfylke Friluftsråd (IS).

Kommunen sin eigarskapsstrategi (2010)

I kommunen sin eigarskapsstrategi står det følgjande om samansettinga av styret og bruk av valkomitéar ved styreutnemningar, jf. punkt 10 i kommunen sine overordna eigarstrategiar.¹⁷

- Kommunestyret skal som hovudregel innstilla Suldal sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med naudsynt kompetanse til å leia selskapet i tråd med medeigar sine føremål.
- Samansettinga av styre skal gjerast ut frå at styret er eit kollektivt organ og bør veljast ut frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra.
- Valkomitéen sin innstilling bør grunngjevast. Særleg skal spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet vurderast.
- For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, bør det opprettast ein eigen valkomité. Det skal førast dialog med den eventuelle valkomitéen for å sikra den formelle kompetanse og samansetting i vedkommande selskap sitt styre.

Vår kommentar: Styresamansetninga som nemnt her, vil normalt måtta sikrast gjennom bruk av valkomitéar for dei ein-skilde selskap. Det endelege og formelle styrevalet må alltid gjerast av eigarorganet. Styrevalprosessen vil stå sentralt ved selskapskontrollar av enkeltsselskap. Dette gjeld då òg alle eigarane. Ved eigarskapsforvaltingsprosjekter sjåast det *ikkje* nærare på styrevalprosessen i selskapa.

Kommunen seier forresten til oss at det er tre verksemder kor styremedlemane berre vert valt av generalforsamlinga, men kor kommunen kan påverke valet gjennom valkomité eller på anna måte. Dette gjeld Suldalsposten AS, Suldal Vekst AS og Ryfylke IKS. Det brukast valkomitéar i dei fleste selskap. I nokre valkomitéar vert og generelle habilitetsvurderingar gjort av valkomité, men dei ligg normalt ikkje ved saka om innstilling.

¹⁷ KS sine anbefalingar om samansettinga av styret (anbefaling nr. 9) og valkomité og styreutnemningar (anbefaling nr. 10) inneheld i hovudtrekk det same som her.

2.7 OPPLÆRING OG INFORMASJON OM EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

MÅL FOR OPPLÆRING OG INFORMASJON TIL FOLKEVALDE

Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde skal gje innsikt i dei juridiske rammene for eigarstyring og selskapsleiing for den einssilde selskapsforma. Tiltaka skal vidare gje ei oversikt over prinsipp og retningsliner for kommunen sin eigarstyring mv. Dei skal òg gje folkevalde innsikt i oppgåver, myndigheit og ansvar som følgjer rolla som medlem av styre, bedriftsforsamling eller eigarorgan.

REVISJONSKRITERIER - KS SIN ANBEFALING NR. 1

Tabell 7 - Anbefaling om obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte

OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

Det er viktig at kommunestyrene som eiere får kunnskap og innsikt i omfanget av selskapsorganisering og de styringsmuligheter man har for de selskapene kommunen har eierandeler i. Det er viktig at de folkevalgte får innsikt i de ulike rollene man har som folkevalgt, som styremedlem eller som medlem av representantskap eller generalforsamling. De folkevalgte må ha en bevissthet om roller, styringslinjer og ansvarsfordeling. Det anbefales at kommunestyret gis tid til kompetanseutvikling som ledd i å styrke det kommunale eierskapet gjennom opplæring eller eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte i løpet av de første 6 månedene og etter 2 år.

KOMMUNEN SIN STATUS FOR OPPLÆRING OG INFORMASJON TIL FOLKEVALDE

Kommunen sin eigarskapsstrategi (2010)

I kommunen sin eigarskapsstrategi står det følgjande om opplæring og informasjon til folkevalde.

- Suldal kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalte knytt til eigarstyring. Dette vil skje som ein lekk i den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si behandling av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding og selskapskontroll.
- Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er nødvendig for å følgja opp eigar sine forventningar. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert om nødvendig gitt tilbod om opplæring.
- Styret i selskapa skal syte for anledning til ekstern styreopplæring.

Vår kommentar: Eigarskapsstrategien viser at eigarstyring skal vera tema i folkevaldopplæringa. Opplæring av styremedlemar ligg elles under selskapa.

Kommunen si opplæring og informasjon til folkevalde dei siste åra

Kommunen si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing har dei siste åra bestått av det som står i KS sitt ordinære opplegg for folkevaldopplæring. Det har ikkje vore noko utover dette. Det har heller ikkje vore temamøte om eigarskap i kommunestyret. Med temamøte tenkjer vi på kommunen sitt eigarskap generelt, dei rollane folkevalde har som eigarrepresentant/styremedlem og kva som forventast av dei. Ein-skilde selskap kan ha eigne opplæringsprogram for styremedlemar.

Revisjonen sine vurderingar

Kommunen har i inneverande valperiode hatt opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde i kommunen. Det har likevel ikkje vore brukt mykje ressursar på dette, berre litt generelt gjennom KS sitt folkevalgtprogram. Vi ser det som vesentleg at kommunen styrker si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing. Det er viktig at dei folkevalde får innsikt i dei ulike rollene ein innehar, både som folkevalt og som styremedlem og eigarrepresentant.

Anbefaling

- Kommunen bør styrka si opplæring og informasjon om eigarstyring og selskapsleiing til folkevalde. Dette kan takast som eigne temamøte i kommunestyret.

2.8 ADMINISTRASJONEN SITT ARBEID VED EIGARSKAPSFORVALTNINGA

Administrasjonen sitt arbeid ved oppfølging av selskap gjeld det praktiske arbeidet rundt eigarskapsforvaltninga. Det tenkast her på rådmannen sin støttefunksjon i eigarskapsforvaltninga («kommunen sitt eigarskapssekretariat»). Her ligg også hand-saming av eigarskaps saker og opplysningar om eigarskapsforvaltninga på kommunen sine nettsider.

Revisjonskriterier - Administrasjonen sin støttefunksjon

Tabell 8 - Administrasjonens støttefunksjon i eierskapsforvaltningen - Kjelde: NIBR 2015¹⁸

- Iht. NIBR-rapporten om «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap» viser forskning at administrasjonen har en viktig støttefunksjon for at de folkevalgte skal kunne ivareta sine roller på en god måte.
- Det anbefales at kommunene utvikler kompetanse i det administrative apparatet knyttet til den folkevalgte eierstyringen, både for utvikling av rutiner og prosedyrer, og for å følge med på oppgavene og virksomhetene, og for å gi råd til folkevalgte om eierskapspolitikken.

Revisjonskriterier for andre tilhøve

For kommunen sin informasjon om eigarskapsforvaltninga på nettsidene - kan vi vise til KS sin anbefaling nr. 4 om eigarskapsmeldingar - der det går fram at eigarskapsmelding med overordna eigarstrategiar bør være kommunisert og tilgjengeleg for selskapa sine organ og kommunen sine innbyggjarar. For en arkivering av eigarskaps saker har vi heldt til kva som vi synes er mest praktisk for kommunen (eigaren).

Rådmannen sin støttefunksjon i eigarskapsforvaltninga¹⁹

Rådmannen utgreiar eigarskaps saker og svarer på spørsmål om kommunen sin eigarskapsforvaltning. Eigne eigarskaps saker arkiverast for seg.

**Tabell 9 – Rådmannen sin støttefunksjon i eigarskapsforvaltninga
Kjelde: Kommunen sin administrasjon**

Administrativ støtte og koordinering

Rådmannen bistår dei folkevalde representantane, formannskapet og kommunestyret på følgjande måte:

- Oversyn over selskapa med tilhøyrande vedtekter, selskapsavtalar, tenesteavtalar og lovverk holdast laupande ajour.
- Rådmannen etablerer fast kontaktrutine med administrasjonen i dei andre eigarkommunane, med vekt på selskap av stor betydning for kommunen. Dette gjerast gjennom rådmannsforum på Haugalandet og rådmannsforum i Ryfylke.
- Rådmannen yter bistand til dei valde representantane og bistår ordførar i samband med føre-handsavklaringar.

¹⁸ NIBR (Norsk institutt for by- og regionforskning) rapport 2015:1.

¹⁹ Kommunen sin økonomirådgjevar hjå rådmannen handterer det administrative arbeidet ved eigarskapsforvaltninga.

Kommunen sine arkiveringsrutinar

Selskapa sine eigarskapssaker (møteinnkallingar, sakspapir og møteprotokollar) som kjem til kommunen sentralt, vert arkivert ordna pr. selskap. Alle formelle eigarskapssaker skal gå både til eigarrepresentantane og kommunen sentralt (postmottak). Arkiveringa i dag er ikkje fullstendig. Det er einskilde selskap som ikkje sender dei relevante dokumenta til postmottak.

Informasjon om kommunen sin eigarskapsforvaltning

Det er i dag ikkje nokon informasjon om eigarskapsforvaltninga på kommunen sine nettsider.

Innsynsrett ved stiftelsar

Administrasjonen kjenner ikkje til i kva for ein grad det er vedtaksført mogelegheit for innsyn i stiftelsar. Kommunen har i dag ikkje praksis om å ta atterhald om innsyn i samband med kommunale tilskott til stiftelsar.

Revisjonen sine vurderingar

Det er etablert rutinar for rådmannen sin støttefunksjon i eigarskapforvaltninga. Rutinane er ein viktig støttefunksjon for at dei folkevalde skal kunna ivareta sina roller på ein god måte. Rutinane følgjer opp anbefalingane i NIBR-rapporten om «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap».

Kommunen sine arkiveringsrutinar sørgjer for at alle formelle eigarskapsaker knytt til kommunen sitt eigarskap i dei ulike selskapa vert arkiverte/ivareteke i ordna former. Det manglar likevel dokument om einskilde selskap då ikkje alle selskapa sender dei relevante dokumenta til kommunen sentralt (postmottak). Materiellet kan dermed ikkje delast internt i organisasjonen på ein effektiv måte.

Det manglar informasjon om kommunen si eigarskapforvaltning og eigarskapsmelding på kommunen sine nettsider. Utlegging av slike opplysningar kan sjåast på som nyttige. Dei vil gje eit oversyn over kommunen si eigarskapforvaltning og selskap, som vil vera lett tilgjengeleg for offentlegheiten og kommunen sine eigar- og styrerepresentantar i selskapa. KS tilrår at kommunen si eigarskapsmelding og overordna eigarstrategiar er kommunisert og tilgjengeleg både for selskapa sine organ og innbyggerane til kommunen.

Anbefalingar

- Kommunen bør satsa på at arkiveringa av det einskilde eigarskap (selskap) etter kvart vert fullstendig.
- Kommunen bør leggja ut informasjon om si eigarskapforvaltning på kommunen sine nettsider. Som eit minimum trekker vi fram link til kommunen si eigarskapsmelding.

VEDLEGG

Om selskapskontroll

Selskapskontroll er hjemlet i kommuneloven [§ 77 nr. 5](#) og for øvrig nærmere omtalt i forskrift om kontrollutvalg [kapittel 6](#) (§§ 13 – 15). Innholdsmessig deles selskapskontroll i to komponenter:

- **Eierskapskontroll** er den obligatoriske delen av selskapskontroll, jf. forskrift om kontrollutvalg § 14 første ledd. Den omfatter kontroll med forvaltningen av (fylkes-)kommunens eierinteresser, herunder å kontrollere om den som utøver eierinteressene gjør dette i samsvar med (fylkes-)kommunens vedtak og forutsetninger.
- **Forvaltningsrevisjon** er den frivillige delen av selskapskontroll, jf. forskrift om kontrollutvalg § 14 andre ledd, og er nærmere omtalt i forskrift om revisjon kapittel 3 (§§ 6 – 8), jf. forskrift om kontrollutvalg kapittel 5 (§§ 9 – 12) og RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon. Den omfatter systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets/fylkestingets vedtak og forutsetninger, jf. forskrift om revisjon § 7 første ledd.

Prosjektet om eigarskapsforvaltning i Suldal kommune omfattar den obligatoriske delen (såkalla eigarskapskontroll).

Revisjonskriterier

Revisjonskriterier er krav eller forventningar som revisjonen brukar for å vurdere funna i undersøkingane. Kriteria skal grunngjevast i, eller utgreiast av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, t.d. lovverk og politiske vedtak.

Ved dette prosjektet er det teke utgangspunkt i følgjande kjelder:

- Kommunen sine saker og vedtak om eigarstrategiar og eigarskap, medrekna:
 - Kommunen sin eigarskapsstrategi og eigarskapsmelding
 - Overordna eigarstrategiar
 - Reglar for eigarstyring og selskapsrapportering
 - Opplæring av folkevalde representantar i eigarorgan og styre
- Aksjelov og lov om interkommunale selskap
- KS Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll
- NIBR Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap
- Reelle omsyn (til dømes kva andre kommunar har funne føremålstenleg)²⁰

Metodeval

Metodisk har vi nytta gjennomgang av dokument og vedtak. Eigarrepresentantar er kontakta ved spørjeskjema om eigarstyringa. Oppstartsmøte vart halde 22.01.2019 med kommunen sin ordførar, rådmann og økonomirådgjevar. Ordførar er kommunen sin fremste eigarrepresentant, mens rådmannen står for det administrative arbeidet rundt eigarskapsforvaltninga. Det er økonomirådgjevar som handterer dette for rådmannen. Kontaktpersonen vår undervegs i prosjektet har vore rådmannen. Rådmannen har handtert nærare avklaringar og spørsmål frå oss i samband med prosjektet.

Denne rapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Rune Eskeland. Rapporten er gjennomgått av fagansvarleg for forvaltningsrevisjon Christian Friestad og oppdragsleiar Tore Kristensen. Mandat for prosjektet vart vedteke av kontrollutvalet i møte 08.11.2018.

²⁰ Reelle omsyn (rimelegheitsbetraktningar) gjeld i den grad det ikkje er autoritative kjelder for problemstillingane.

Dokumentliste (kjelder)

Vi viser til følgjande kjelder:

Lovreglar

- Kommuneleva av 25. september 1992
- Lov om aksjeselskap av 13. juni 1997
- Lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999
- Stiftelseslova av 15. juni 2001

Eigarstrategi/eigarstyring og selskapsleiing

- KS (2015): Anbefalinger om eierstyring, selskapsleiing og kontroll - utgave november 2015
- NIBR (2015): Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap
- Kommunerevisoren nr. 3/2006: Hvem som er omfattet av selskapskontroll (artikkel av seniorrådgiver Jostein Selle, KR D)
- Kommunal- og regionaldepartementet (20.09.2013): Spørsmål om habilitet i AS og IKS
- Kommuneforlaget (2011): Kommunalt eierskap - roller, styring og strategi av Vibeke Resch-Knudsen
- Kommuneforlaget (2012): Styring av kommunalt eide selskaper av Vibeke Resch-Knudsen
- Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap (eierskapsmeldingen): Statens prinsipper for god eierstyring og selskapsledelse

Suldal kommune

- Kommunen sin eigarskapsstrategi (vedteke av kommunestyret 15.06.2010 i sak 30/10)
- Kommunen si eigarskapsmelding for 2018 (orientering til kommunestyret 30.10.2018 i sak 55/18)
- Kommunen sitt delegasjonsreglement (vedteke av kommunestyret mars 2016, sist oppdatert mars 2017)
- Årsmeldinga og årsrekneskapen til kommunen for 2017 og 2018
- Oversikt over kommunen sine representantar i eigarorganet til dei einskilde selskap
- Oversikt over kommunen sine representantar i styret til dei einskilde selskap

Andre kjelder

- Eigarskapsmeldingar til andre kommunar i regionen
- Brønnøysundregistrene (foretaksregisteret)
- Proff.no (opplysningar om selskapa)

Kommunen sine eigar- og styrerepresentantar

Oversynet viser kommunen sine eigar- og styrerepresentantar i gjeldande valperiode 2015-2019 (status 2018/2019). Det vil kunna vera einsskilde endringar i løpet av ein valperiode. Vararepresentantar er ikkje teke med.

Kommunen sine eigar- og styrerepresentantar - Kjelde: Kommunen sin administrasjon

Akksjeselskap	Type ²¹	Eigardel	Eigarrepresentantar	Styremedlemmar
ByggOpp Rogland AS	D	0,20 %	(-)	
Gullingen Utviklings-selskap AS		3,66 %	Ordførar	
Haugaland Kraft AS		3,00 %	Ordførar	
Haukelivegen AS		2,80 %	Ordførar	
Kommunekraft AS		0,30 %	(-)	
Lysefjorden Utvikling AS (Landa fortids-landsby)	D	1,60 %	Ordførar	
Norsk Bane AS		11,81 %	Ordførar	
Reisemål Ryfylke AS	D	8,82 %	Ordførar	
Ryggjatun Eigedom AS	H	100,00 %	Ordførar	Ola Hauge (leiar)
RySteg AS		22,53 %	Ordførar	Nils Bjarne Vold Torbjørn Guggedal
Suldal Bad og Publikum AS (under etablering)	H	100,00 %	Ordførar	Torbjørn Guggedal Ronny Mehus Rugland Brita Hoftun
Suldalsposten AS	D	34,00 %	Ordførar	
Suldal Vekst AS		26,44 %	Ordførar	
Interkommunale selskap				
Haugaland brann og redning IKS	H	3,44 %	Ordførar	
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	H	3,40 %	Vanja Ignjatich	
Haugaland Vekst IKS	H	10,00 %	Ordførar	
Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS	H	0,93 %	Rådmannen	
Krisesenter Vest IKS	H	2,29 %	Rådmannen	
Rogaland Revisjon IKS	H	1,23 %	Ordførar	
Ryfylke IKS	H	20,00 %	Ordførar	
Ryfylke Miljøverk IKS	H	16,48 %	Berit Haugslund Eskil Nerheim	Anita Kristensen
Andre selskapsformer				
Biblioteksentralen SA	-	-	(-)	
Ryfylke Friluftsråd (IS)	H	-	Eskil Nerheim Klara H. Nerheim	Nina Østebø
IS Fjordvegen (interesseselskap)	-	-	Ordførar	
KLP (gjensidig forsikringsselskap)	-	-	(-)	

Aksjelova seier ikkje noko om kven som skal møte som eigarrepresentant. Ordførar eller andre kommunestyrerepresentantar må gjevast fullmakt for å kunna røysta på generalforsamling. Eigarrepresentantar i IKS'er er faste valde medlemmar. Det same gjeld styremedlemmar i alle selskap. For IS'er det berre lovkrav om eitt styringsorgan. Styret vert i så fall både eigarorgan og styre.

Kommunen si eigaroppfølging er primært retta mot selskap som har stor vesentlegheit for kommunen (føremålet til selskapet og/eller eigardelen til kommunen). For mindre vesentlege selskap er det ikkje utpekt eigarrepresentantar. Dette er notert med (-) i oversynet. Det er sett bort frå KLP.

²¹ H tyder heileigd selskap av kommunen åleine eller saman med andre (fylkes)kommunar, medan D tyder deleigd selskap (dvs. det er her òg andre typar eigarar, til dømes private eller staten). Typeinndelinga gjeld eigentleg primært aksjeselskap då interkommunale selskap og interkommunale samarbeid alltid er heileigde.

Andre verksemder der kommunen er med

Andre verksemder der kommunen er med - Kjelde: Kommunen sin administrasjon

Vertskommunesamarbeid

- Barnevern. Vertskommune: Sauda
- PPT. Vertskommune: Suldal

Interkommunale samarbeid som ikkje er eige rettssubjekt

- Haugaland arbeidsgiverkontroll
- Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet
- IT-samarbeid RITS (Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda kommune)

Foreiningar og partnerskap

- KS
- Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK)
- Landssamanslutningar av nynorskkommunar (LNK)
- Ryfylkealliansen
- Røde Kors (samarbeid om beredskap)

Stiftelsar

- Hiimsmoenkollektivet
- Ryfylkemuseet (støtte + samarbeidsavtale om bygdebokskriving)
- Suldal Bustadstifting

Suldal kommune yter elles tilskot til ein rekkje lokale lag og foreiningar. Stiftelsar gjeld stiftelsar der kommunen har oppnemnt styremedlemar. Kommunen har ikkje lenger kommunale føretak. Suldal Elverk KF vart frå 01.01.2019 fusjonert inn i Haugaland Kraft AS.

Oversyn over utførte selskapskontrollar

Selskapskontrollar vart hjemla i kommunelova frå 01.07.2004. Oversynet nedanfor viser selskapskontrollar av selskap der Suldal kommune er eigar.

Oversyn over utførte selskapskontrollar²²

- 2006: Ryfylke Miljøverk IKS
- 2007: Ryfylke-kommunane IKS
- 2011: Rogaland Revisjon IKS
- 2011: Ryfylke Miljøverk IKS
- 2013: Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

Oversynet inkluderer òg selskapskontrollar av selskap der Suldal kommune på det tidspunktet ikkje var eigar. Dette gjeld selskapskontrollen av Rogaland Revisjon IKS.

²² Kontrollane er vorte samordna med alle dei kommunale eigarane. Ryfylke-kommunane IKS heiter i dag Ryfylke IKS.

Kommunen sin eigarskapsstrategi, inkludert reglar for eigarstyring og selskapsrapportering

Kjelde: Kommunen sin eigarskapsstrategi (2010) og siste eigarskapsmelding (2018)

EIGARSKAPSSTRATEGI

Kommunestyret handsama saka om eigarskapsstrategi i møte 15.06.2010, sak 30/10, og gjorde slikt vedtak:

Suldal kommune skal arbeida for at dei retningsliner ein her i eigarskapsmeldinga har nedfelt, også blir lagt til grunn for kommunen si medverknad som deleigar, eller medverkande i interkommunale selskap eller andre former for interkommunalt samarbeid.

DEL 1 SULDAL KOMMUNE SIN EIGARSKAPSPOLITIKK.

1. OPPLÆRING AV FOLKEVALDE -OG INFORMASJON.

Suldal kommune vil organisera ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. Dette vil skje som ein lekk i den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si behandling av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding og selskapskontroll.

2. UTARBEIDING AV EIGARSKAPSMELDINGAR.

Eigarskapsmeldinga kan definerast som eit overordna politisk styringsinstrument for verksemd som er lagt til eit anna rettssubjekt, eige styre ein vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ.

Meldinga bør som minimum ha tre hovudpunkt:

- a. Oversikt over kommunen si verksemd som er lagt til selskap eller samarbeidsordningar
- b. Politiske og juridiske styringsgrunnlag knytt til dei ulike selskaps- og arbeidsformene
- c. Føremålsdiskusjon og selskapsstrategi knytt til dei ulike selskapa, herunder vedtektsrevisjon.

Suldal kommune vil til ei kvar tid ha utarbeidd ei eigarskapsmelding. Målet er å utvikla kommunen til ein god eigar for dermed å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa blir forvalta i tråd med vedtekne føremål, forventningar og føresetnader. Meldinga skal evaluerast minst ein gang kvart anna år i kommunestyret. Så langt råd er skal slik behandling skje når selskapa sine årsmeldingar ligg føre, fortrinnsvis i første møte etter sommarferien.

Det skal i denne behandlinga vera lagt til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutineane som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av føremål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen. Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal ha rom for drøfting i dette møtet, og med eventuelle tilbakemeldingar og bestilling av etterfølgjande sak om endringar er aktuelt. Moglege vedtak om endringar skal ha nødvendig saksbehandling i selskap og hjå rådmannen i kommunen.

3.UTARBEIDING OG REVIDERING AV SELSKAPSSTRATEGI OG SELSKAPSAVTALE/VEDTEKTER.

Suldal kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på sitt eigarskap i ulike selskap. Eigarsstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtalen/vedtektene. Innan ramma av selskapsavtalen/vedtektene skal selskapet utvikla detaljerte mål og strategiar for si verksemd. Føremålet med selskapa vert vurderte med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

4.VURDERING OG VAL AV SELSKAPSFORM.

Suldal kommune legg desse punkt til grunn før val av selskapsform i nye selskap, eller selskap ein går inn i som deleigar:

- a. Vilkårå for og behovet for direkte og reell politisk styring og utøving av strategisk eigarskap
- b. Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet
- c. Risikovurderingar, økonomisk, marknadsmessig, miljø og samfunnstryggleik, kvalitet og kvantitet på tenesta og tilhøvet til innbyggjarane/sluttbrukaren
- d. Selskapet sin økonomiske fridom, plikter i høve til eit selskap kontra å behalda eigen avgjerdsmynde når det gjeld prioritering av ressursbruk
- e. Tilhøvet mellom kommunen som myndighetsutøvar og kommunen si rolle som eigar
- f. Moglegheiter og moglege avgrensinga rift delegasjon av myndigheit
- g. Fleksibilitet – endring av eigartilhøve/samarbeid med private interesser
- h. Tilhøvet til forvaltningslova og lov om offentlegheit
- i. Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- j. Reglane om anskaffelse for offentlege verksemder
- k. Arbeidsgjevarepolitisk strategi

5. FYSISKE SKILJE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVERKSEMD.

Suldal kommune som eigar skal gjera ei særleg vurdering av om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogleg grad legge til grunn at selskap og verksemder som dette er aktuelt for fysisk og organisatorisk skil dei konkurranseutsette aktivitetane frå monopolverksemda.

6. EIGARDOKUMENT SOM GRUNNLAG FOR SELSKAPS- OG FORVALTNINGS-KONTROLL.

Før det vert vedteke nærare reglar for aktuelle eigarstyringsdokument som skal sendast kontrollutvalet, ber kommunestyret om at utvalet kjem med innspel til kva dokument utvalet har behov for som grunnlag for sitt kontrollarbeid. Kommunen si eigarskapsmelding vil vera eit hovuddokument.

7. SAMANSETTING OG FUNKSJON TIL EIGARORGAN.

Suldal kommune vil i hovudsak byggja på denne praksis;

- a. Politisk leiing kan etter særskilt vurdering oppnemnst som eigarrepresentantar i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønskje og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den han/ho gir fullmakt til, representera kommunen.
- b. Selskap der kommunen har eit uttrykt ønskje og behov for det, rapporterer periodisk til komite eller formannskapet.
- c. Einskilde selskap vert i periodar følgd tettare, avhengig av situasjonen, eigarinteresse og føremål.
- d. Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutiner mellom kommunen og selskap, og at det skjer nødvendige avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskapet og kommunen mellom dei formelle eigarmøta.
- e. Årsrekneskap, årsrapportar, strategidokument og liknande vert lagt fram for politisk behandling i forkant av eigarmøte. Eigarmøte skal varslast tidleg, og dokumenta bør føreligga 2 veker før møtet.
- f. Det politiske organet som har ansvar for desse sakene i kommunen (kommunestyret, formannskapet) gir eventuelle styringssignal til kommunen sine representantar i eigarmøtet, og kan eventuelt instruera desse. Dei valde representantane skal generelt ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapet sine eigarorgan. I interkommunale selskap skal ein og ta omsyn til regionale interesser som har vesentleg betydning for selskapet sin funksjon.

8. EIGAR SINE KRAV TIL KOMPETANSE I STYRER PÅ KOMMUNAL SEKTOR.

Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høvet selskapet sine føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse. Føremåla med kommunalt eigde selskap og selskap som kommunen deltek i er ulike, t.d. finansielt, politisk eller meir samfunnsmotivert eigarskap. Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er nødvendig for å følgja opp eigar sine forventningar. Dersom nødvendig kompetanse ikkje er til stades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert om nødvendig gitt tilbod om opplæring.

9. GJENNOMFØRING AV EIGARMØTE.

Styreleiar og dagleg leiar har plikt til å delta i generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikkje plikt. Revisor har rett til å vera tilstades, og nokre gonger plikt når dei saker som skal behandlast gjerd ete nødvendig. For interkommunale selskap har styreleiar og dagleg leiar plikt til å vera tilstades på representantskapsmøtet. Dette gjeld ikkje revisor. Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk.

10. VALKOMITE FOR UTNEMNING AV STYRE I AKSJESELSKAP OG INTER-KOMMUNALE SELSKAP.

For kommunale føretak er det ikkje gitt høve til å delegera kommunestyret si mynde til å utnemna styre til andre. Innafor selskapslovverket (as og iks) er mynde lagt til eigarorganet (generalforsamling, representantskap). Styret har ei viktig rolle og kan sillast strafferettsleg og erstatningsmessig til ansvar for vervet.

Kommunestyret skal som hovudregel innstilla Suldal sine representantar i selskapsstyra. Målet er å sikra eit styre med naudsynt kompetanse til å leia selskapet i tråd med medeigar sine føremål. Samansettinga av styre skal gjerast ut frå at styret er eit kollektivt organ og bør veljast ut frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Valkomiteen si innstilling bør grunngjevast. Særleg skal spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om habilitet vurderast. For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar, bør det opprettast ein eigen valkomite. Det skal først dialog med den eventuelle valkomiteen for å sikra den formelle kompetanse og samansetting i vedkommande selskap sitt styre.

11. RUTINAR FOR KOMPETANSEVURDERING AV SELSKAPA

For å sikra utvikling av nødvendig kompetanse i styret, blir det tilrådd at følgjande rutinar blir etablerte som ein del av styret sine rammer. Styret skal:

- a. Utarbeida instruksar for styret og den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- b. Føreta eigenevaluering kvart år både når det gjeld kompetanse og arbeid. Syte for anledning til ekstern styreopplæring
- c. Gjennomføra styreseminar kor fokus går på rollar, ansvar og oppgåver
- d. Fastsetja ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring
- e. Gi ei samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sikra at styrearbeidet fungerer godt og at styret har nødvendige rutinar for sitt arbeid i høve selskapet si verksemd og storleik. Styreleiar er ansvarleg for at den samla kompetansen i styret effektivt vert nytta, og at kompetanse blant styremedlemmene blir utvikla. Som ein generell regel skal alle styremedlemmene ha høve til opplæring i styrearbeid.

12. STYRESAMANSETTING I KONSERNMODELL.

Styret i morselskap bør som hovudregel ikkje vera i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i dotterselskapet sine styrer. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre skal det vera leiingsmessig og funksjonsmessig skilje mellom selskapa for å unngå inhabilitet og rolleblanding i anbodsprosessar.

13. OPPNEMNING AV VARAREPRESENTANTAR.

Det er i dag ulik praksis i selskapa om varamedlemmer er numerisk eller personleg.

Varamedlemmene blir betre oppdatert, og får dermed betre kompetanse og kontinuitet i det aktuelle selskapet som fungerande styremedlem når dei møter. Som hovudregel bør varamedlemmene oppnemnast i numerisk orden.

14. HABILITETSVURDERINGAR OG POLITISK REPRESENTASJON I STYRA.

Det er opp til kvart einskild eigarorgan å avgjera kva type kompetanse eit styre skal ha. Det er viktig å unngå at habilitetsreglane må vurderast jamnleg for styremedlemmer, og ein må derfor kritisk vurdere i kva selskap ein kan nytta leiande politikarar i selskapsstyra (forretningsdrift, konkurransereglar osv).

Suldal kommune vil vurdera styreverv i høve selskapet sitt føremål. Innstillinga/valnemnda skal ha teke omsyn til moglege rollekonfliktar og habilitetstilhøve etter forvaltningslova.

15. KJØNNSREPRESENTASJON I STYRA.

Suldal kommune vil uavhengig av selskapsform arbeida for lik kjønnsrepresentasjon i styra.

16. GODTGJERSLER TIL STYREMEDLEMMER.

Kommunen bør i samband med eigarskapsmeldinga gjennomføra ein prinsipiell diskusjon om honorar som grunnlag for eigarorganet si fastsetjing av styrehonorar, uavhengig av organisasjonsform. Godtgjersla skal reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet.

Styreverv i aksjeselskap og IKS'ar kan i motsetnad til kommunale føretak vurderast i høve strafferettsleg og/eller økonomisk ansvar, og bør ha godtgjersle som refererer eit slikt ansvar. Det er tilrådd at selskapa teiknar styreforsikring for alle styremedlemmene i selskap med avgrensa ansvar. Forsikringa gjeld det økonomiske ansvaret, ikkje det strafferettslege. Styremedlemmer bør generelt ikkje påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Styreverv bør registrerast på www.styrevervregister.no Suldal kommune vil tilrå at selskapa følgjer dei retningslinjer som her er skissert. (referanse KS).

17. ARBEIDSGJEVARTILKNYTING I SJØLVSTENDIGE RETTSSUBJEKT.

Frå KS er det tilrådd at ein ved utskilling av verksemd i sjølvstendige rettssubjekt, skal ein knyte seg til ein arbeidsgjevarorganisasjon. Suldal kommune meiner at alle selskap med kommunalt eigarskap skal vera medlem i ein arbeidsgjevarorganisasjon. Spørsmålet om kva organisasjon som er mest passande, blir vurdert i kvart høve.

18. UTARBEIDING AV ETISKE RETNINGSLINER.

Suldal kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i føremål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Etiske retningslinjer skal utarbeidast i det einskilde selskap.

19. RÅDMANNEN SI ROLLE I KOMMUNALE FØRETAK.

Som ein hovudregel skal ikkje rådmannen sitja i selskapsstyre kor kommunen har eigarinteresser. Rådmannen og rådmannen sin stadfortredar skal ikkje sitja i føretaksstyret. Rådmannen si samhandlingsrolle ovafor føretak skal vurderast særskilt i samband med etablering av føretaket.

DEL 2 SELSKAPSOVERSYN.

Avgrensing av selskapsgjennomgangen.

Det vert i denne delen omtalt dei selskap der kommunen er heil- eller deleigar. Nokre selskap vert kort refererte til i ei konsentrert oppstilling. Det gjeld selskap der kommunen er svært perifer i forhold til eigarskap og driftsansvar.

Det er viktig at ein nyttar metodikk som gjer at ei årleg oppdatering ikkje vert særleg tidkrevjande. Følgjande opplysningar vert så langt råd er knytt til omtalen av det einskilde selskap

1. Namn på selskapet
2. Eigarar og eigardelar i prosent
3. Føremål (med referanse til vedtektene/selskapsavtalen)
4. Sentrale oppgåver for selskapet
5. Styringsform og styringsorgan
6. Rapporteringsrutinar
7. Kommunen sitt økonomiske engasjement (og ev. ansvar)
8. Økonomiske nøkkeltal for selskapet
9. Kommentrarar (motiv for eigarskap, eller andre tilhøve knytt til eigarskapen)
10. Tilsvarande informasjon om dotterselskap under vedkommande selskap

EIGARSKAPSMELDING (utdrag frå kommunen si siste eigarskapsmelding)

Innleiing

Suldal kommune har eigarinteresser i mange selskap, som forvaltar viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar. Nokon har vi oppretta sjølve, mens andre har vi kjøpt oss inn i. I denne meldinga får du presentert dei ulike selskapa, og du får ein oversikt over endringar i frå førre melding. I denne meldinga har vi berre tatt med verksemd som er organisert som sjølvstendige rettssubjekt. I tillegg har me kommentert Suldal Elverk KF.

Generelt om eigarskap

Det er fleire skriv knytt til det med og vere offentleg eigar, blant anna eigarskapsmeldinga til regjeringa, St melding 13 (2006/2007) "Et aktivt og langsiktig eierskap" og KS sitt skriv «Anbefaling om eierskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt/fylkeskommunalt eide selskaper og foretak».

Det kan vere både politiske og finansielle grunnar for og skilje ut drift i eige selskap, eller vere medeigar i eit selskap. Motivasjonen for å danne eit selskap kan vere for eksempel å effektivisere tenesteproduksjonen eller for å kunne lettare utføre oppgåver på tvers av kommunegrensar, eller for å yte felles press for utvikling av regionen. Det negative er at ein flyttar makt frå kommunestyret til styra i dei einskilde selskapa noko som gir mindre demokratisk kontroll.

Litt om ansvaret:

- Ansvar for eigarstyring er politisk.
- Kommunestyret utøver eigarskapet gjennom generalforsamling / representantskap. Alle føretak og selskap bør følgjast opp systematisk ved at årsrapportar og årsrekneskap vert meldt politisk.
- Representant på generalforsamling / i representantskap har ansvar for å sende protokoll, årsrapport og årsrekneskap til kommunen.

Styreverv

Styreverv er eit personleg verv. Styrerepresentanten representerer selskapet (ikkje parti eller kommune). Styret skal ivareta selskapet.

Oppgåvene til styret:

- Forvaltning av verksemda
- Sørge for forsvarleg organisering.
- Helde seg orientert om den økonomiske stillinga til verksemda.
- Føre tilsyn med leiinga og verksemda.

Det er krav om 40 % kvinner i styret, jf. IKS-lova. Det gjeld og i AS kor kommunane og fylkeskommunane eig meir enn 2/3 av verksemda. Honorar til styret skal kome frem i årsrekneskap og/eller i årsmeldinga. Styreverv bør ein registera på www.styrevervregisteret.no.

Oversikt over KS sine anbefalinger

Versjon november 2015

KS sine nærmere vurderinger vedrørende anbefalingene er ikke tatt med her. Dette kan leses i selve anbefalingene (som ligger på KS sine nettsider).

Nr. 1 OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

Nr. 2 VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

Nr. 3 FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET

Selskaper som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.

Nr. 4 UTARBEIDELSE AV EIERSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.

Nr. 5 UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSKAPASITETER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

Nr. 6 EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med ed selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter fra kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

Nr. 7 EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet.

Vår kommentar: Selskapets eierrepresentanter må leses som «kommunens eierrepresentanter». Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

Nr. 8 GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

Nr. 9 SAMMENSETNINGEN AV STYRET

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

Nr. 10 VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskaper bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

Nr. 11 KJØNNMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

Nr. 12 RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

Nr. 13 STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

Nr. 14 OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Nr. 15 HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskaper.

Nr. 16 GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

Nr. 17 REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskaper bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no.

Nr. 18 ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

Nr. 19 UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften.

Nr. 20 SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

Nr. 21 UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterlevs og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskaper.

Statens prinsipper for god eierstyring og selskapsledelse

Artikkel | Sist oppdatert: 08.01.2018 | Nærings- og fiskeridepartementet

Prinsipper for god eierstyring og selskapsledelse (corporate governance) er retningslinjer som søker å klargjøre rolledelingen mellom eiere, styre og ledelse utover det som følger av lov. God eierstyring og selskapsledelse bidrar til verdiskapning og til å styrke tillit til og åpenhet rundt selskapet.

I 2002 ble statens prinsipper for eierstyring og selskapsledelse utformet. Disse ti prinsippene angir hvordan staten vil agere som eier og hvilke overordnede forventninger staten har som eier. Prinsippene er i tråd med allment aksepterte eierstyringsprinsipper, herunder [Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse](#) som utgis av Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) og [OECDs retningslinjer for eierstyring og selskapsledelse i statlig eide selskaper](#).

Statens prinsipper fremgår av Meld. St. 27 (2013-2014) Et mangfoldig og verdiskapende eierskap (eierskapsmeldingen):

1. Aksjeeiere skal likebehandles.
2. Det skal være åpenhet knyttet til statens eierskapsutøvelse og selskapets virksomhet.
3. Eierbeslutninger og vedtak skal foregå på generalforsamling.
4. Styret er ansvarlig for å utarbeide klare mål og strategier for selskapet innenfor rammen av vedtektene, staten stiller forventninger til selskapets resultater.
5. Kapitalstrukturen i selskapet skal være tilpasset selskapets formål og situasjon.
6. Styresammensetningen skal være kjennetegnet av kompetanse, kapasitet og mangfold ut fra det enkelte selskaps egenart.
7. Styret har det overordnede ansvaret for forvaltningen av selskapet og skal herunder ivareta en uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapets ledelse på vegne av eierne.
8. Styret bør ha en plan for eget arbeid, arbeide aktivt med egen kompetanseutvikling og evaluere sin virksomhet.
9. Lønns- og insentivordninger bør utformes slik at de fremmer verdiskapningen i selskapet og fremstår som rimelige.
10. Selskapet skal arbeide målrettet for å ivareta sitt samfunnsansvar.

Statens prinsipper for eierstyring og selskapsledelse skal bidra til god eierforvaltning som sikrer statens verdier og bidra til verdiskapning i selskapene der staten er eier. Prinsippene knyttet til hhv. utforming av mål for avkastning og utbytte, kapitalstruktur, valg av styre/styresammensetning, bærekraft og samfunnsansvar samt insentiv- og kontrollsystemer, er i denne sammenheng særlig aktuelle.

Statens prinsipper skal videre bidra til å sikre likeverdighet mellom aksjeeierne. Staten skal opptre på samme vilkår og følgelig med de samme rettigheter og plikter som enhver annen aksjeeier. For private aksjeeiere er det av særlig betydning at staten, som i mange selskaper er en dominerende eier, ikke opptre slik at andre aksjeeieres rettigheter eller økonomiske interesser påvirkes negativt. Det er derfor lagt vekt på hensynet til likebehandling av aksjeeiere, og åpenhet knyttet til statens eierskap.

Børsnoterte selskaper skal gi en samlet redegjørelse for selskapets eierstyring og selskapsledelse iht. [Norsk anbefaling for eierstyring og selskapsledelse](#). Staten som eier forventer at også selskaper som er heleid av staten følger anbefalingen der denne passer.



Rogaland Revisjon IKS

Lagårdsveien 78
4010 Stavanger

Tlf 40 00 52 00
Faks 51 53 40 03

www.rogaland-revisjon.no